

# Vedlegg D Tilstandsrapport med skildring av behov og krav til ytinga

## 1. Tilstandsrapport med skildring av behov

Vettisfossen er Norges høgste frie og uregulerte fossefall, og har trekt turistar til dette området i Årdal kommune sidan tidleg på 1900-talet. Framme på stupkanten har det i over hundre år vore ein utsiktsrampe i tre. (Bilete frå universitetsbiblioteket i Bergen viser at det var ein utsiktsrampe på staden allereie i 1906). Hausten 2022 vart det bygd ei ny utsiktsplattform på kanten av fossejuvet som erstatning for den andre rampa som stod der på vernetidspunktet i 1980.

Turen frå nedre del av Utladalen til utsiktspunktet ved Vettisfossen/Vettismorki og vidare til Skogadalsbøen, følgjer den gamle kløvstien til Vettismorki opp den bratte lia frå Vetti. Under snøsmelting og i nedbørsperiodar sklir det jamt ut stein og lausmassar. Det er derfor behov for å stabilisere stitraseen og å leie bort vatn slik at det ikkje oppstår unødig erosjon.

I 2021 var det plassert ut ein ferdselsteljar langs stien frå Vetti gard til utsiktspunktet/Vettismorki, og det vart registrert totalt 6 911 passeringar.


Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen reknar med at ferdsla på stien vil auke framover med etablering av det nye utsiktspunktet i området.

Det vart utført noko arbeid på stien frå Vetti oppover lia hausten 2021 (sherpaarbeid), men det er behov for å forsterke stien ytterlegare i utsette parti jf. bilete som illustrerer korleis dei aktuelle partia framstår i vedlegg D. I desse punkta er det behov for utbetring for å minske slitasjen på stien og for å minimere erosjonsskader. Det er no behov for supplerande tiltak som:


- å forsterke stien, og å hindre utglidingar i traseen, t.d. under eksisterande trinn og på kanten av stien
- å legge nye trinn
- å legge stien inn i bakken der han har sige ut
- å leia vekk vatn frå stien
- å legge «stepstones» i særleg våte parti
- istandsetting/oppbygging av murar

## Oversiktskart

Oversiktskartet nedanfor syner området og traseen der arbeidet skal gjennomførast.



Behov for utbetring av stien mellom Vetti og stikryss utsiktspunkt/Vettismorki



Bileta nedanfor illustrerer punkta på stien der det er behov for tiltak.



Behov for forsterking av erodert sving ved legging av stein.

Posisjon:  
61,37495, 7,9299



Behov for forsterking av sti, mot kanten ved leggin av stein.

Posisjon:  
61,32886, 7,90446




Forsterke stien, for å hindre ytterlegare erosjon ved legging av stein.

Posisjon:  
61,37446, 7,93086



Forsterke stien mot kanten ved legging av stein, for å unngå at stien glir ut.

Posisjon:  
61,37443, 7,93176



Stien må leggest heilt inntil bergveggen i svingen midt i bildet.

Posisjon:  
61,37457, 7,93117



Stien har sige, og må leggest innatt i bakken, dvs. utvidast i breidda. (Den gamle kløvvegen var breiare her etter gamalt).

Posisjon:  
61,37469, 7,93085



Forsterke stien med legging av trinn?

Posisjon:  
61,3749, 7,93113



Hindre utgliding, forsterke stien under trappetrinn ved legging av stein?

Posisjon:  
61,37529, 7,93153



Legge ekstra trinn i nedkant av berget for å leie fotgjengaren til å bruke indre del av stien mot bergveggen, for å unngå ytterlegare slitasje på kanten av stien.

Posisjon:  
61,37494, 7,93134



Forsterke muren på nedsida av stien.

Posisjon:  
61,36913, 7,92788







Forsterke stien for å hindre utgliding.  
Steinlegging.




Posisjon:  
61,37484, 7,93133




Legge stien så langt inntil berget som mogleg, utvide i breidd.



Posisjon:  
61,37515, 7,93297

		<p>Legge stien så langt inntil bergveggen som råd.</p> <p>Posisjon: 61,32788, 7,90388</p>
		<p>Legge stien inn i terrenget frå svingen.</p> <p>Posisjon: 61,22312, 7,55560</p>
		<p>Stien/kløvvegen har sige, legge stien inn i terrenget (utvide noko).</p> <p>Posisjon: 61, 22314, 7,55559</p>
		<p>Legge ny forsterking på utsida av stien, stein eller stokk?</p> <p>Posisjon: 61,22383, 7,56207</p>

		<p>Legge stepstone for å unngå ytterlegare slitasje på stien til venstre i bildet.</p> <p>Posisjon: 61,22422, 7,56195</p>
		<p>Legge enkeltstein?</p> <p>Posisjon: 61,22389, 7,56228</p>
		<p>Legge stepstone, evt. ny klopp?</p> <p>Posisjon: 61,22390, 7,562288</p>

# Behov for tiltak på strekninga stikryss utsiktspunkt/Vettismorki - brua Morkaelvi



	<p>Behov for legging av stepstones (evt. kavler).</p> <p>Posisjon: 61,37927, 7,9462</p>
	<p>Legging av stepstones.</p>



Døme på steinsette grøfter for bortleiing av vatn frå stien, må tilpassast forholda på staden. Biletet er frå område med noko breiare sti i slakare terreng, men viser prinsippet.



## 2. Krav til leveransen

### 2.1 Spesielle krav

2.1.1 I utgangspunktet skal berre stadeigen stein nyttast til sti-arbeidet og evt. oppmuring.

Stein/lausblokk som er tilgjengeleg i nærområdet skal utgjere materialet ved utbetring av stien.

Dersom det er heilt naudsynt kan helikopter nyttast for henting av større stein som stepstones, etter vurdering i samråd med oppdragsgjevar.

2.1.2 Arbeidet skal utførast manuelt med bruk av handreiskap. Terrenget i dette området er ikkje eigna for bruk av maskinelt utstyr.

2.1.3 Breidda på stien vil kunne variere noko, men utgangspunktet er at dagens standard skal leggast til grunn, evt. tidlegare breidde på kløvstien i partia der stein har sige ut.

2.1.4 Arbeidet skal fortrinnsvis vere ferdig og avslutta innan 15. juni.

2.1.5 Leverandør held sjølv utstyr og reiskap.

2.1.6 Byggherre vil følgje opp prosjektet ved oppstart og undervegs etter behov. Statens naturoppsyn v/Rigmor Solem vil vere prosjektleiar for praktisk gjennomføring av arbeidet.

## 2.2 Forsikring

Leverandøren skal ha følgjande gyldig forsikringsdekning gjennom heile oppdraget:

- Ansvarsforsikring
- Forsikring som dekker berging av nødvendig utstyr

Kopi av forsikringspolisar skal leggest fram ved inngåing av kontrakt.

## 2.3 Arbeidsspråk

Arbeidsspråk skal vere norsk, eventuelt engelsk. Det inneber at minst ein av personane i arbeidslaget må ha gode munnlege norsk/engelsk kunnskapar.

## 2.4 Miljø

Det vert stilt følgjande miljøkrav:

- Krav om at leverandøren reingjer utstyr for å unngå spreiding av framande artar
- Krav om at det ved utføring av oppdraget aldri skal utførast maskintransport som ikkje er strengt nødvendig for utføring av oppdraget. Det er krav om at oppdraget vert godt planlagt frå leverandøren si side for å unngå unødig maskintransport.
- Leverandøren er ansvarleg for opprydding, og evt. skjemmande spor i terrenget skal stellast til før arbeidet blir avslutta.

## 2.5 Utstyr

Leverandøren må ha tilgang (eige/leige) til nødvendig utstyr gjennom heile oppdragsperioden (som krafser, slegge, spett, sleggehammar)

## 2.6 Transport av utstyr

Leverandør må sjølv, for eigen kostnad, transportere utstyr til arbeidsområdet i felt.

## 2.7 Nøkkelpersonell

Oppdraget skal utførast av same nøkkelpersonell som vart tilbode oppdragsgjeveren før avtalen vart inngått, eventuelt vart skriftleg avtala på eit seinare tidspunkt.

Den eller dei personar som utfører oppdraget skal ha nødvendige kvalifikasjonar og erfaring og elles tilfredsstillende dei krav oppdragsgjeveren har stilt i avtalen.

Dersom personell må skiftast ut, skal det settast inn tilsvarande ressursar med minst like god kompetanse og erfaring.

Skifte av nøkkelpersonell krev skriftleg samtykke frå oppdragsgjevar. Samtykke kan ikkje nektast utan sakleg grunn.

Leverandøren skal bere kostnader for kompetanseoverføring til nytt personell.

Dokumentasjon på erfaring med manuelt arbeid på sti og murarbeid (tørrmuring) og evt. kursdeltaking/-bevis på slikt arbeid skal leggest ved tilbodet.

## 2.8 Ansvar HMS

Leverandøren er fullt ut ansvarleg for sikkerheita til sine tilsette og sine innleigde ressursar.

Leverandøren pliktar å:

- Sikre at arbeidsutstyret som blir brukt er i samsvar med forskriftskrava til den aktuelle type utstyr
- Syte for at arbeidstakarane/ innleigde ressursar får god opplæring og informasjon om utstyr som blir nytta
- Syte for kontroll og vedlikehald